

Regelverket for alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK)

Dei som heilt eller delvis manglar funksjonell tale og har behov for alternativ og supplerande kommunikasjon, har rett til å få bruke eigna kommunikasjonsformer og nødvendige kommunikasjonsmiddel i barnehagen og på skolen.

REGELVERK | SIST ENDRET: 01.08.2024

Dette står i opplæringslova § 11-12 og § 19-7, og i barnehagelova § 39.

Retten til å bruke ASK gjeld for barn som går i barnehagen, elevar, dei som har læretid i bedrift og vaksne deltakarar.

Barn og elevar som bruker alternativ og supplerande kommunikasjon, skal få ha med seg og bruke hjelpemiddel dei treng for å kommunisere. Dersom eit barn til dømes har behov for å bruke talemaskin for å kommunisere, skal barnet få ha med seg denne i barnehagen eller på skolen.

Bruk av alternativ og supplerande kommunikasjon er ein del av opplæringstilbodet, og kommunen eller fylkeskommunen treng ikkje gjere vedtak for at eleven skal ha rett til dette.

Opplæring i bruk av ASK

Barn, elevar og vaksne deltakarar har òg rett til nødvendig opplæring i bruk av ASK. Dette inneber både opplæring i å bruke utstyret dei treng for å kommunisere, og opplæring i å kommunisere med eller utan utstyr. Denne opplæringa er ein del av spesialpedagogisk hjelp i barnehagen, og kan vere ein del av den individuelt tilrettelagde opplæringa i skolen. Dette står i opplæringslova § 11-12 og § 19-7, og barnehagelova § 39.

For at barn, elevar og vaksne deltakarar skal ha rett til opplæring i bruk av ASK, må kommunen eller

fylkeskommunen gjere vedtak om dette. Når kommunen og fylkeskommunen gjer vedtak, må dei følgje reglane for saksbehandling og krava til vedtak. Det inneber mellom anna at dei må hente inn samtykke frå foreldra, eleven eller deltakaren.

Omsynet til barnet og elevens beste, og retten til å bli høyrd

Det er viktig å hugse på at det som er best for barnet og eleven, skal vere eit grunnleggjande omsyn når skolen legg til rette for bruk av ASK, og når kommunen og fylkeskommunen gjer vedtak om opplæring i bruk av ASK. Elevar har rett til å bli høyrde og til å få seie kva dei meiner i denne prosessen.

[Les meir om alternativ og supplerande kommunikasjon](#)